



EUROPEAN YOUTH PARLIAMENT  
NORWAY ALUMNI ASSOCIATION

---

# Rapport frå den sjuande nasjonale sesjonen i Europeisk ungdomsparlament Noreg Lillehammer 16.-18. september 2009

---

## Innhaldsliste:

- s.1 Framside og innhaldsliste
- s.2 Innleiing  
Målsetjing
- s.3 Regional representasjon  
Førebuing og planlegging  
Komitétema  
Lokalitetar
- s.4 Gjennomføring og programmet  
Alumni training  
Teambuilding  
Komitéarbeid  
General Assembly (GA)
- s.5 Sosialt  
Lærarprogrammet  
Sluttseremoni  
Sesjonsavis og video
- s.6 Juryavgjerdsle

## **Innleiing**

Denne rapporten er ei utgreiing om gjennomføringa av den sjuande nasjonalesjonen i Europeisk ungdomsparlament (EYP) i Noreg. Rapporten omfattar førebuings- og organiseringsfasen, sjølve konferansen og resultatane av konferansen. Tema som ungdommane jobba med i forkant av og under konferansen har stor spennvidde. Her finner vi problemstillingar knytta til europeisk tryggingspolitikk, jordbrukspolitikk, økonomisk politikk og utveklingspolitikk samt karbonlagring, ungdomsdeltaking i demokratiet og utfordringar i det flerkulturelle samfunnet.

Totalt deltok 24 vidaregåande skular frå heile landet, samt ein tysk skule, og vi samla 172 menneske til ei tredagars lang og givande konferanse på Lillehammer. 7 delegatar og ein lærar kom frå Fridericianum Gymnasium i Schwerin, dette med bakgrunn i eit nytt samarbeidsprosjekt mellom EYP Noreg og EYP Tyskland om delegatutveksling. Vi hadde i tillegg 15 internasjonale deltakarar frå systerorganisasjonar i Europa. Desse kom frå Tyskland, Finland, Ukraina, Sverige, Tsjekkia, Storbritannia, Østerrike, Estland og Italia.

EYP er eit læringsprosjekt som har som mål å betre europakunnskapane til elevar i vidaregåande skule og fremje samarbeid og demokrati- og kulturforståing gjennom seriøse diskusjonar og morosame aktivitetar. Arbeidsspråket vårt er engelsk. EYP fungerer som eit unikt alternativ og supplement til dagleg undervising, der både elevar og lærarar vert utfordra på nye og lærerike måtar i form av andre læringsmetodar. Vi bringer undervisninga ut av klasseromsituasjonen ved å sette dagsaktuelle problemstillingar inn i røyndomsnære samanhengar for elevane. Resultatet er utvida horisont og perspektiv på verdssamfunnet. Dette gjev organisasjonen og sjølve konferansen ein stor eigenverdi i seg sjølv. Minna er mange, erfaringane er livslange der ein gjev elevane ei mogelegheit utanom det vanlege som vanskeleg kan samanliknast med noko anna. Internasjonal deltaking styrkjer eigenverdien og gjer at språkdisiplinen vert overhaldd.

## **Målsetjing**

Hovudmålsetjinga for nasjonalesjonen er at den skal ha ein eigenverdi for alle elevane, utover at den fungerer som ein uttakssesjon til de internasjonale konferansane – derfor vert konkurranseelementet nedtona så sterkt som mogeleg. Vi ønskjer at elevane skal opparbeide seg betre kunnskapar om europeiske problemstillingar, slik at dei skal få ei betre forståing for fred og samarbeid og fremje samhandling mellom ungdom i Europa. Nasjonalesjonen er for oss ein viktig arena for diskusjonar om Europa og internasjonal politikk, utan at det skal hamne i den klassiske for og mot norsk medlemskap i EU-debatten. Erfaringane våre tilseier at programmet under konferansen verkar fagleg stimulerande og skaper auka læringslyst og engasjement hjå elevane når dei returnerer til sin normale kvardag.

EYPNAA har som organisasjon eit mål om vidareutvikling, både innover- og utoverretta. Målet er ein aktiv og brei organisasjon representert over heile landet, og ein stor nasjonalesjon aukar rekrutteringa og engasjementet i organisasjonen. Nasjonalesjonen hever kompetansenivået, prestasjonane og fagleg dugleik til deltakande medlemmar, og dette gjer at dei lettare kan ta på seg leiaroppgåver i framtida, internasjonalt, så vel som nasjonalt og (inter)regionalt. Vi gir også sjansen til nye medlemmar å vere aktive og få elementær erfaring i organisasjonsverksemd. Alt i alt fungerer dette som dørøpnar til Europa for norsk skuleungdom.

## **Regional representasjon**

Dette er fjerde gongen vi gjennomfører heilnasjonalt uttak, og alle vidaregåande skular i landet med allmennfagleg eller IB-linje fekk i november 2008 invitasjon til å søkje om deltaking. Skulane gjennomførte sjølve lokale uttaksprosessar. Følgjande skular vart valde ut til å sende ein delegasjon på fire elevar og ein lærar:

*Akershus fylke:* Nesbru vgs

*Buskerud fylke:* Drammen vgs og Kongsberg vgs

*Hordaland fylke:* Knarvik vgs, Olsvikåsen vgs og Øystese vgs

*Nordland fylke:* Narvik (Frydenlund) vgs

*Nord-Trøndelag fylke:* Levanger vgs og Steinkjer vgs

*Oppland fylke:* Lillehammer vgs

*Oslo fylke:* Berg vgs, Hartvig Nissens gymnasium, Kristelig Gymnasium og Oslo Katedralskole

*Rogaland fylke:* Sandnes vgs og St.Olav vgs

*Sogn og Fjordane fylke:* Hafstad vgs og Sogndal vgs

*Sør-Trøndelag fylke:* Melhus vgs og Strinda vgs

*Troms fylke:* Kongsbakken vgs og Kvaløya vgs

*Vest-Agder fylke:* Kristiansand katedralskole og Mandal vgs

## **Førebuing og planlegging**

Førebuinga til sesjonen starta i oktober 2008. Det var EYPNAA – styret som hadde primæransvaret for planlegginga, men vi vart assistert av ei prosjektgruppe av aktive EYPNAA-medlemmar. Nasjonalkomiteén for EYP Noreg deltok også aktivt i prosjektutforming og diskusjonar, kom med mange nyttige og faglege innspel og idear. Etter ei saumfaring av aktuelle byar der vi kunne halde nasjonalsesjonen landa vi på Lillehammer for andre året på rad. Dette var fordi sesjonen i fjor var særst vellykka, spesielt overnatting på Birkebeineren som blei rimelig og hadde stover der smågrupper kunne samla seg i alle leilegheitane. Det at hovudorganisatoren Seline Høiseth kjem frå Lillehammer var også ein fordel. Det blei imidlertid ikkje tatt nokon avgjerdsle på å halde sesjonen permanent i Lillehammer.

På nyåret vart det innhenta informasjon om ulike overnattingslokale, samtidig som lokale for komitéarbeidet og General Assembly vart undersøkt. I mars vart det avhalde møte med ulike aktørar på Lillehammer, og dermed vart lokale for overnatting, komitéarbeid og General Assembly fastsett. Møta klargjorde mange praktiske og økonomiske detaljar for konferansen.

Skuledelegasjonane vart jamleg oppfølgt via telefon, post og e-post, samt informasjon på heimesida vår. Skulane fekk i slutten av februar vite kven som hadde vorte tekne ut til å kome på sesjonen, og hadde dermed om lag fem månadar med undervisningstid til å førebu seg fagleg til konferansen.

### *Komitétema*

Hovudføremålet er at alle komitétema skal vere relaterte til læreplanen i fag som samfunnskunnskap, samfunnsøkonomi og historie, og til dels språkfag og realfag. I år lagde nasjonalkomiteén ein oversikt over kompetansemål som er dekkja av deltaking i EYP. For å gjere førebuingane lettare for elevane, utarbeidde EYPNAA ei mengde lenkjer til aktuelle internettsider og artiklar. Dette la vi ut på heimesida vår kort tid etter at skulane hadde fått vite sine tema.

### *Lokalitetar*

Teambuilding og overnatting fann stad på Birkebeineren Hotel & Apartment. Birkebeineren ligg særst fint til i naturskjøne omgivningar, og i nærleiken av Lillehammer sentrum og dei andre lokala vi nytta oss av. Særst nøgde var vi med lokaliseringa av komitéarbeidet, som vi hadde på Lillehammer vidaregåande skole, samt General Assembly (GA) på Maihaugen og ”mock debate”

på Plan B. Eit ungt medlem av fylkestinget i Oppland, Stine Renate Håheim, haldt opningstale under GA som vart særst godt motteke. Ho snakka om kor viktig det er at ungdommar engasjerar seg i dei store utfordringane som verda står ovanfor.

## **Gjennomføring av programmet**

### *Alumni training*

Tysdags ettermiddag og onsdags morgon vart brukt til å trene dei frivillige. Fyrst vart det køyrt ei felles teambuilding for alle. Deretter delte ein opp i team, slik ein jobba opp mot det som ville vere rolla til den einskilde under sesjonen.

Organisasjonen sitt styre er av den oppfatninga at ein dag med mental, teoretisk og praktisk førebuande trening for leiarane hever kompetansenivået og prestasjonane, og gjer ein meir merksam på si rolle som rollemodell og gjer oss tryggare på oss sjølve. Dette gjer oss betre rusta til å kunne yte maksimalt dei komande dagane. I år hadde vi mellom anna ei svært profesjonell chairstraining for chairs, noko som gav dei eit godt utgangspunkt til å arbeide metodisk gjennom særleg komitéarbeidet.

### *Teambuilding*

Onsdags ettermiddag kom alle delegasjonane til Birkebeineren Hotell & Apartment og vi opna konferansen med ein felles lunsj for alle. I fint solvêr vart det arrangert teambuilding for delegatane ute på dei ypparlege grønaireala rundt Birkebeineren. Kvar komité bestod av 12 til 13 elevar frå ulike skular, og vart leia to komitéleiarar (chairpersons), ein norsk og ein internasjonal. Teambuilding er ein viktig prosess i å verte kjent med sine meddelegatar og EYP som læringskonsept. Vi bruker eit vidt spekter av leikar og oppgåver som skal løysast for å byggje gode diskusjonsgrupper. Teambuilding skal bryte isen og leggje grunnlaget for komitéarbeidet.

### *Komitéarbeid*

Komitéarbeidet er sjølve kjernen i EYP. Det er her delegatane erfarer korleis samarbeid og politiske diskusjonar kan arte seg. Dei får lære kva konsensus vil seie og korleis ein arbeider seg fram til semje, lytte til sine meddelegatar og forstå kva demokratiske prinsipp inneber i praksis. Dette skal skape betre toleranse og forståing for korleis ein kan jobbe i grupper og kome fram til eit felles resultat.

Kvar einskild komité arbeidde med eit tema, og var dermed gått førebudde fagleg sett. Komitéarbeidet startar vanlegvis med ei brainstorming der alle idear kjem til uttrykk og ein grupperer temaet i undergrupper, før sjølve diskusjonane kan ta til. Heilt tilslutt å vert resolusjonsdokumentet formulert på akademisk engelsk og etter internasjonale parlamentariske standardar. Resolusjonen består av to delar, ein introduksjon til bakgrunnen for problemstillinga eller fakta, og ein operativ del som inneheld løysingsframlegga. Resolusjonsdokumenta er elevane sine eigne meiningsytringar. Det er verkeleg gjevande å sjå elevar som jobbar så iherdig og med all innsats og energi som dei måtte ha, i løpet av ni korte, hektiske timar. Å kunne observere dette gir nytt mot og giv til oss som står bak, og er ei enorm drivkraft til å halde fram. Vi ser elevar som gjer ein enorm innsats, og at dei lærer nye samarbeidsteknikkar og får nyttige kunnskapar om europeiske kjerneproblemstillingar i eit stadig tettare samanvove Europa.

### *General Assembly (GA)*

GA på fredagen er den formelle delen av konferansen, der både kleskoden, språket og prosedyrane fylgjer standardane til Europaparlamentet, i noko forenkla grad. Dette skaper ei formell, men energisk atmosfære og hever abstraksjonsnivået oppå eit parlamentarisk nivå. Under GA vert kvar og ein resolusjon debattert og røysta over i tur og orden. Delagatane må lese opp og forsvare

resolusjonen sin, medan andre kan kome med åtakstalar. Ein har også ei open golvdebatt som varer om lag ein halv time, deretter får vi ein oppsummeringstale.

### *Sosialt*

Ein EYP-sesjon er ikkje berre hardt arbeid og formelle prosedyrar. Den sosiale sida er minst like viktig, der ein opprettar vennskap og har det hyggeleg saman med andre ungdommar frå fjernt og nært. Onsdagsettermiddag, under teambuilding var grilling utanfor Birkebeineren. På kveldstid var det klart for komitépresentasjonar og Norwegian Village. Tanken bak Norwegian village er at skuledelegasjonane skulle få eit høve til å vise fram kva som er spesielt frå deira region og heimstad. Det myldra over av mat, drikke, frukt, sjokolade, plakatar, brosjyrrar, digitale presentasjonar og bilete frå store delar av Noreg. Fleire hadde også på seg klesdrakter frå sin heimstad. Alle kunne gå rundt og sjå på dei andre sine stands og smake på smaksprøvene. I det heile var dette svært vellukka, med mange kreative løysingar.

Etter komitéarbeidet og middagen på torsdagen, var det duka for ”mock debate” på Plan B. ”Mock debate” er debattering av ein resolusjon med morosamt innhald utan vidare meining, som er skriven av komitéleiarane for sesjonen. Vi ønskjer med dette å demonstrere korleis dei formelle debattprosedyrane fungerer og ikkje fungerer, og gir tips om korleis delegatane kan unngå å gjere feil under GA. Dette skaper mykje latter, men med ei meinig bak. Etterpå var det sosialisering med musikk for elevar og lærarar.

### *Lærarprogrammet*

Alle deltakande lærarar fekk tilbod om å delta på eit eige skreddarsydd lærarprogram. Onsdagsettermiddag vart det fyrst halde eit orienteringsmøte om kva EYP er og kva dei kan forvente seg under nasjonalsesjonen. Deretter var det eiga lærarteambuilding, men løysning av oppgåver og samtale. Eit av vore mål med lærarprogrammet er også å vidareutvikle organisasjonen, få feedback frå lærarane på det vi gjør og få til fleire EYP-opplegg ute på skulane slik at vi kan involvere fleire elevar. I år hadde vi et foredrag fra eit medlem i EYP Finland om korleis EYP kan brukast med ei klasse. Dette gjer de mykje av i Finland, og de har utarbeida et undervisningsopplegg. Det vart ein god diskusjon etterpå, og fleire lærare sa de kunne tenkje seg å gjennomføre eit slikt opplegg med klassa si. På Sogndal vgs har dei allereie nytja seg av EYP-opplegget på ein fagdag kort tid etter sesjonen. Vi lagar no ein informasjonsbank for skular som ynskjer å gjere dette, enten åleine eller med støtte frå ein frivillig i EYP.

Torsdagen var det fyrst omvisning på Maihaugen. Deretter hadde de eit fagleg foredrag av professor Andrew Kristiansen som snakka om sosial reproduksjon i skulen, med påfølgjande diskusjon. Vi er nøgde med årets lærarprogram, og meiner vi har funne ei god kombinasjon av faglege, EYP-utviklande og sosiale komponenter.

### *Sluttseremoni*

Fredagsettermiddag vart GA og konferansen avslutta med ein høgtidleg avslutningsseremoni. Det vart haldt tale av sesjonspresidenten, president av EYP Noreg, president av EYPNAA, head organiser, samt formannen av juryen. Alle elevar, lærarar og alumni fekk med seg eit diplom som minne på deira verdifulle innsats og deltaking.

### *Sesjonsavis og video*

Årets pressroom var breitt samansett, med både erfarne og uerfarne journalistar og redaktørar, noko som gav både breidde, djupne og variasjon, samt eit veldig dyktig team. Fem journalistar og to redaktørar lagde tre aviser med til saman 64 sider, som er lengre enn tidlegare avisar. Også kvaliteten på avisane var sær s god, med artiklar frå teambuilding og komitéarbeid som dekkja alle gruppene, artiklar om Lillehammer, analysar av viktige aktuelle tema, opplysande artiklar om kva

EYP er og korleis man kan fortsette å vere involvert, reportasjer om dei sosiale arrangementa, og mange gode billete.

For fyrste gong hadde vi også to videojournalistar på sesjonen. Desse lagde ein informasjonsvideo om EYP som vi ynskjar å nytje når vi inviterer skulane til sesjonen. Slik kan elevar og lærare få eit betre innblikk i kva opplegget er for noke, og vi håper dette kan auke søknadstalet frå skular som tidlegare ikkje har delteke. Videoen er ikkje ferdig redigert enda, men vil vorte send til dykker seinare.

### **Juryavgjersle**

Basert på faglege kriterium valde juryen ut fylgjande skular til å delta ved internasjonale sesjonar:

Den 62. internasjonale EYP sesjonen frå 23.10.09 - 01.11.09 i Helsinki: Kongsbakken vgs og Narvik vgs.

Den 63. internasjonale EYP sesjonen frå 16.04.09 - 25.04.09 i Tromsø: Kristelig Gymnasium og St.Olav vgs.

Det 2. fransk-tyske EYP forumet frå 18.11.09 - 22.11.09, i Saarbrücken og Strasbourg: Hartvig Nissens Gymnasium.

Alle deltakande skular mottok ei skriftleg evaluering av delegasjonen sin innsats. Skulane vil verte orienterte om andre sesjonar som kjem det komande året, der det er ønskje om norsk deltaking.